



## Notat

Dato: 09.10.2014  
Arkivsak: 2014/21960-2  
Saksbehandlar: linfar

---

**Til:** Rune Haugsdal

---

**Frå:** Linda Farestveit

---

### **Svar på interpellasjon frå Aud Karin Oen. Prøveordning med sjølvforsvarskurs for jenter.**

Hordaland fylkeskommune har som skuleeigar eit tydeleg delansvar i det generelle helsefremjande arbeidet. Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2012 – 2024 slår fast at alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande og vere gode arenaer for haldningsskapande arbeid og sunne helseval. Som ein del av dette arbeidet vil det bli lagt fram ein handlingsplan for vidaregåande opplæring i 2015 som vil gå nærare inn på mål og tiltak som skuleeigar meiner er særleg viktige for målgruppa. Psykisk helse og rusførebyggjande arbeid vil vere sentrale tiltaksområde i planen. I denne samanheng vil det vere naturleg å vurdere tiltak for å auke dei unge sin kunnskap om konsekvensar av seksuell trakassering og seksualisert vald for individet og legge til rette for gode haldningsskapande tiltak som kan bidra til å styrke dei unge sin vilje og evne til grensesetting.